



## Notat

Dato: 07.12.2016  
Arkivsak: 2016/3926-17  
Saksbehandlar: sigaard

---

**Til:** Sekretariatet for kontrollutvalet v/ Roald Breistein

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### **Orientering. Sak hos Datatilsynet.**

Kort informasjon om tilsynssak behandla av Datatilsynet.

#### Hendinga.

Etter arbeidstid den 17.februar 2016 vert det sendt ein e-post til Hordaland fylkeskommune der det vart opplyst at det låg personopplysningar tilgjengeleg på Internett. Meldinga vart gjeven av ein av dei personane dette gjalt.

Den 18.februar var dette undersøkt nærare og det viste seg at det var rett at det var ei sak som var tilgjengeleg på internett i eit dokument. Det vart då føretatt gjennomgang av korleis dette kunne skjedd og kva som var årsaka. Dette vart retta opp med ein gong, slik at dette dokumentet vart avskjerma.

Det vart undersøkt kva ein kunne gjera ovanfor Google og andre søkemotorar slik at dette vart fjerna. Det viste seg at det kunne tok lang tide å få fjerna dette, dersom ein tok kontakt med f.eks. Google. Saka vart då fylgt opp og det viste seg at etter to dagar, etter at dokumentet vart avskjerma var det ikkje å finna på Google når ein søkte på nett etter dette. Vi fann då at avskjerminga hadde vorte fanga opp raskt slik at ein ikkje kunne finna dette lenger.

Det som har skjedd er at møteinnkallinga til eit møte i klagenemnda ikkje har vorte avskjerma rett. Dette gjalt når innkallinga til møtet vart produsert. Innkallinga er eit eige dokument som ligg som PDF fil.

Det vart då teke kontakt med den som hadde sendt meldinga og det var fleire telefonsamtalar med denne. Det vart sendt ein e-post så raskt som mogeleg med opplysningar om dette forholdet og kva det grunna seg.

Det er gjeve melding til dei personane dette gjalt. Det er opplyst om kva for opplysningar dette er. Melding om dette vart ikkje gjeve straks etter hendinga, noko ein ser skulle vore gjort.

#### Oppfølging

Det vart sendt brev til Datatilsynet den 07.04.2016 der ein gjorde greie for kva som hadde skjedd. Det vart og opplyst om systemet ein nyttar til saksbehandling og til møteinnkalling etc. Det vart og gjort greie for retningslinene knytt til dette.

Svakheiter vart klarlagt og ein har teke dette vidare til dei som er systemeigar av Ephortesystemet i Hordaland fylkeskommune. Desse svakheitane må takst opp med leverandør slik at ein kan få ein betre sikkerheit når det gjeld møteinnkallingar etc. det må vera mogeleg å leggja inn sperrer for at ein aktivt må gjera noko dersom ein prøver å offentleggjera ei sak som er unnateke offentleggjering ( som er avskjerma når saka er skriven).

I brevet til Datatilsynet er det og opplyst om dei strakstiltaks som vart iverksette etter hendinga. Vidare er det gjeve opplysningar om rutinar for behandling av personopplysningar, risikoanalyser og gjennomføring av dette, samt oppfølging som ein ser er naudsynt som følgje av hendinga.

#### Datatilsynet si behandling.

Datatilsynet svarte i brev motteke 21.06.2016 der det vart gjeve varsel om overtredelsesgebyr i samband med publisering av sensitive personopplysningar på Internett.

Det vart då gjeve varsel om at slikt vedtak ville verta fatta:

#### Varsel om vedtak

1. Med hjemmel i personopplysningsloven § 46, jf. personopplysningsforskriften § 2-2, pålegges Hordaland fylkeskommune å iverksette tekniske sikkerhetstiltak for å begrense muligheten for at dokumenter unntatt offentlighet kan publiseres på Internett, jf. personopplysningsloven § 13, jf. personopplysningsforskriften § 2-14 første ledd.
2. Med hjemmel i personopplysningsloven § 46 pålegges Hordaland fylkeskommune å iverksette tiltak for så langt som mulig å unngå at innsynsjournalen og dokumenter i den blir indeksert av søkemotorer, jf. personopplysningsloven § 11 bokstav d.
3. Med hjemmel i personopplysningsloven § 46 pålegges Hordaland fylkeskommune å iverksette ytterligere skadereduserende tiltak for å påse at saksdokumentet denne saken gjelder, ikke er tilgjengelig gjennom søkemotorer eller tredjeparts nettsteder, jf. personopplysningsloven § 13, jf. personopplysningsforskriften § 2-6 annet ledd.

Det vart i same brev gjeve varsel om overtredelsesgebyr.

Dette er et varsel om at Datatilsynet vil fatte følgende vedtak:

Med hjemmel i personopplysningsloven § 46 pålegges Hordaland fylkeskommune å betale et overtredelsesgebyr til statskassen stort kroner **150000—ett hundreog femti tusen—**for å ha behandlet personopplysninger uten behandlingsgrunnlag, jf. personopplysningsloven §§ 8 og 9, jf. 11 bokstav a, og for ikke å ha iverksatt tekniske sikkerhetstiltak for å begrense muligheten for at dokumenter unntatt offentlighet kan publiseres på Internett og etablert rutiner for å oppdage slik publisering, jf. personopplysningsloven § 13, jf. personopplysningsforskriften § 2-14 første ledd.

Det vart svara på varselet i brev datert 01.07.2016 frå Hordaland fylkeskommune. I dette svaret gav ein ytterlegare opplysningar i høve pkt. 2. Dette gjalt presisering av at når det gjeld dokument generelt ligg ikkje dess tilgjengelege på nettet. Det er berre journalposten med overskrift som er tilgjengeleg og ein må aktivt be om innsyn i dokument. Det er berre politiske saker som ikkje er unnateke offentleggjering, møteinnkallingar og protokollar som i sin heilheit er tilgjengeleg.

Det vart peika på at denne presiseringa burde takst omsyn til ved fastsetjing av størrelsen på gebyret.

Datatilsynet sitt vedtak i saka vart gjort i brev dagsett 27.07.2016.

«Datatilsynet fatter med dette følgende vedtak om pålegg:

1.

*Med hjemmel i personopplysningsloven § 46, jf personopplysningsforskriften § 2-2. pålegges Hordaland fylkeskommune å iverksette tekniske sikkerhetstiltak for å begrense muligheten for at dokumenter unntatt offentlighet kan publiseres på Internett. jf personopplysningsloven § 13. jf. personopplysningsforskriften § 2-14 første ledd.*

Datatilsynet fatter med dette følgende vedtak om overtredelsesgebyr:

2.

*Med hjemmel i personopplysningsloven § 46 pålegges Hordaland fylkeskommune å betale et overtredelsesgebyr til statskassen stort kroner 150 000 —ett hundre og femti tusen - for å ha behandlet personopplysninger uten behandlingsgrunnlag, jf personopplysningsloven §§ 8 og 9, jf 11 bokstav a, og for ikke å ha iverksatt tekniske sikkerhetstiltak for å begrense muligheten for at dokumenter unntatt offentlighet kan publiseres på Internett og etablert rutiner for å oppdage slik publisering, jf personopplysningsloven § 13, jf personopplysningsforskriften § 2-14 første ledd.»*

Overtredelsesgebyret er betalt.

#### Tryggingstiltak.

Det kan opplyst at systemeigar (HFK) har gjort henvendelse til leverandøren for Ephorte, Evry med førespurnad om å gjera tiltak i systemet og iverksetja tekniske tryggingstiltak, med formål om å begrensa mogelegheiten for at dokument som er unnateke offentleggjering kan publiserast på Internett. Denne saka er til behandling hos Evry og det er ikkje kome tilbakemelding om dette pr. no.

#### Oppreisningserstatning.

Den personen som hadde meldt frå om dette sette fram krav om oppreisningserstatning. Kravet vart sett fram av Jussformidlingen på vegne av vedkommande.

Saka vart oversendt vår eksterne advokat, Advokatfirmaet Thommessen AS for vurdering, samt at advokatfirmaet skulle ha den vidare kontakten i saka mot Jussformidlingen.

Advokatfirmaet fann etter ei totalvurdering av opplysningane i saka og rettsreglane om oppreisning etter anten personopplysningslova § 49 eller skadeserstatningslova § 3-6 at det her ikkje var grunnlag for oppreisningserstatning. Men at ein likevel, ut frå kulansehensyn fann ein å kunne utbetale kr.20.000,- som eit fullt og endeleg oppgjer til personen. Dette tilbodet vart godteke av person og saka er difor løyst for denne personen.

#### Vedlegg

Brev frå Datatilsynet, motteke 07.10.2016, Vedtak om pålegg og overtredelsesgebyr